



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Vår ref.  
13/580-222/K1 - 142/ANES

Dykkar ref.

Dato:  
16.11.2016

## REFERAT MØTE MELLOM FYLKESKOMMUNEN OG FLORA KOMMUNE ANG MOTSEGNER TIL TILTAK VED KULTURMINNER

### Møtestad og tid

Flora Samfunnshus, mandag 14.11.16 kl 13.00-16.00

### Desse møtte

Frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune: Jenny Følling-fylkesordførar, Synnøve Stalheim-plansjef, Eva Moberg-fylkeskonservator, Birgit Tansøy-rådgjevar.

Desse møtte frå Flora kommune: Jan Henrik Nygård-varaordførar, Lars Terje Standal-leiar Plan- og samfunnsutvalet og leiar i det kommunale forhandlingsutvalet, Terje Heggheim-rådmann, Rolf Bjarne Sund-plansjef, Anders Espeset-arealplanleggar.

I tillegg møtte grunneigarane på dei ulike stadane: Geir Ståle Hatleseth, Håkon Årebrot og Øystein Faye.

### Bakgrunn

Bakgrunnen for møtet er at Fylkeskommunen har kome med motsegner til kommuneplanens areal for Flora kommune når det gjeld 3 saker: Campingplass C1 i Sandvika ved automatisk freda kulturminne Stakaldeneset, campingplass C2 ved synleg gravrøys Årebrot og fritidsbustader FB32 ved synlege gravrøyer Årebrot. Motsegnene vart fremja ved 1.gongs høyring i 2015. Flora kommune fekk oversendt fylkesadministrasjonen si uttale i saka datert 25.09.15, og fylkesutvalet sitt vedtak datert 30.09.15. Av sistnemde framgår det at kommunen skal ta kontakt med fylkeskommunen i samband med møtetidspunkt for forhandlingar. Av vedtaket punkt 5 framgår det at fylkesordføraren er vald som fylkeskommunen sin representant i forhandlingane. Flora kommune oversåg Fylkeskommunen sitt endelege vedtak i Fylkesutvalet datert 30.09.15.

Flora kommune la planen ut på 2. gongs høyring 27.04.16. 4.mai 2016 hadde kommunen og fylkeskommunen dialogmøte i Førde om fylkeskommunen si høyringsuttale til kommuneplanen. Sentrale tema var å avklare motsegnene. Frå kommunen møtte Rolf Bjarne Sund og Anders Espeset. Frå fylkeskommunen møtte Ingebjørg Erikstad, Birgit Tansøy og Knut Åland. På møtet vart det ikkje drøfta kvifor det ikkje var invitert til dialogmøte ved 1. gongs høyring av planen. Som eit resultat av møtet bestemte kommunen seg for å ta ut C1 og C2 av planen.

Fylkeskommunen gav høyringsuttale til 2. gongs høyring i brev datert 13.05.16. I dette brevet vart det òg presisert at det ikkje er gjennomført dialogmøte i forkant av 2. gongs høyring. Det vart

vidare påpeika at det er gjennomført møte mellom administrasjonen i fylkeskommunen og administrasjonen i kommunen.

I høyringsrunden vart kommunen av tredjepart gjort merksam på vedtaket i Fylkesutvalet, og stilte spørsmål ved kvifor det ikkje var gjort forhandlingar som vedtatt. Kommunen innsåg nok ikkje heilt realitetane i dette, og eit initiativ til å foreta slike forhandlingar har difor trekt ut i tid.

Endeleg tok kommunen initiativ til eit slikt forhandlingsmøte der fylkesordføraren var representert og der kommunen stilte med sine politiske representantar. Formålet med møtet var å få til reelle forhandlingar om sakene slik det vart gjort vedtak om i Fylkesutvalet 30.09.15. I forkant av møtet sendte kommunen ut ei kort oversikt over motsegnene med skildring av kva som er gjort i prosessen så langt.

### Synfaring

-Stakaldeneset: Grunneigar Geir Ståle Hatleseth var med og la fram sitt syn og sine ønsker i saka. Grunneigaren tok her utgangspunkt i og hadde akseptert at campingplassen var tatt ut og var opptatt av at omsynsona rundt steinbroet måtte snevrast inn slik at han fekk minst mogeleg restriksjonar på sin aktivitet, blant anna skogsdrift.

-Årebrot v/Villevika: Grunneigar Håkan Årebrot var med og la fram sitt syn og sine ønsker i saka. Han tok utgangspunkt i saka slik den stod i utgangspunktet, nemleg med ønske om ein campingplass og skisserte det opprinnlege ønsket og det reduserte ønsket som vart lagt ut på høyring i første runde. Han tok ikkje stilling til høyringsframleggelsen slik det var i 3.høyringsrunde.

-Årebrot v/Kvalvika: Grunneigar Øystein Faye var med og la fram sitt syn og sine ønsker i saka. Ha tok utgangspunkt i korleis saka stod no i 3.høyringsrunde.

### Diskusjon

Tilbake på møterommet blei dei tre sakene i tur og orden diskutert. Lars Terje førte ordet for kommunen.

-Stakaldeneset: Kommunen ønska at grunneigaren skulle få ønsket sitt oppfylt med ei redusert omsynsone.

-Årebrot v/Villevika: Kommunen ønska å sjå på muligheten til å få til eit redusert areal for campingplass.

-Årebrot v/Kvalvika: Kommunen ønska området slik det var lagt ut til 3.gongs høyring. Han henviste og til at Fylkesmannen i si høyringsfråsegn har trekt motsegnar til dette arealet.

Synnøve Stalheim var tydeleg på at fylkeskommunen sitt utgangspunkt for forhandlinga var det som låg ute på 3.gongs høyring. Og at det difor ikkje kunne vere grunnlag for å diskutere campingplass v/Villevika. Dette ville krevje ei ny høyring.

Standal svara opp med at fylkeskommunen ikkje har følgd sitt eige vedtak i saka i utgangspunktet, nemleg at fylkesordføraren vart oppnevnt til representant i forhandlingane frå starten og at forhandlingane difor må ta det opprinnelige utgangspunktet. Han var tydeleg på at det var vedtaksgjevar, altså fylkeskommunen, sitt ansvar å følgje opp sine vedtak korrekt. Når så ikkje har skjedd, så må fylkeskommunen vere innstilt på å ta diskusjonen på det opprinnelige grunnlaget.

Eva Moberg svara til dette at det vanlegvis er kommunane som tar ansvar for å følgje opp slike vedtak.

Jenny Fölling sa at fylkeskommunen kunne akseptere kommunen sitt ønske angåande Staldeneset om ei redusert omsynsone og at dei kunne akseptere ei løysing v/Villevika med LNF Spreidd med ei tilbaketrekt grense frå gravrøysa og med pålagt omsynssone rundt den. For Kvalvika var dei sterkt i tvil om framlagt høyringsforslag kunne akseptera med bakgrunn i at dette kunne skade heilsaksverdien for gravrøysene i nærlieken samt frykt for kva presedens eit slikt tiltak ville kunne få for andre tilsvarande saker. Dei var og redde for kva ei bygging her ville kunne føre til for vidare utbyggingspress i neste runde. Rolf Bjarne Sund frå kommunen var her tydeleg på at vi diskuterer denne planen og ikkje tenkte framtidige scanarier. Han etterlyste og heimel for avvisning av tiltak.

Synnøve Stalheim påpeika at motsegnene som var fremja var knytt opp mot omsynet til nasjonale og regionale kulturminner- og kulturminneinteresser. Dette vil òg vere utgangspunktet ved eventuell oppretthalding av motsegner ved 3. gongs høyring.

Begge partar såg at dialogen kunne vore betre med omsyn til oppfølging av vedtaket i fylkesutvalet, men ein var ueinige i grunnlaget for forhandlingane og konsekvensen for vidare framdrift og prosess. Spørsmålet om sakshandsamingsfeil var og diskutert. Fylkeskommunen meinte at vi no måtte diskutere saka slik ho ligg føre i 3.høyring. Men kommunen meinte at det og kunne vere sakshandsamingsfeil at saka slik ho låg føre til 1.høyring ikkje var diskutert med fylkesordføraren som politisk valgt representant i forhandlingane.

Diskusjonane gjekk litt fram og tilbake, men ein vart einige om å møtast igjen for endeleg avklaring og vidare framdrift. Det vart avtalt eit videomøte fredag 25/11 kl 08.00.

Ref 25.11.16  
Anders Espeset  
arealplanlegger

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur*